

Dokumentnr.: 25/12689

Dato: 31.10.2025

Oppmoding om busetting av flyktningar i 2026 - Hol kommune

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) ber om at brevet vert distribuert til:

- Ordførar
- Kommunedirektør/ byrådsleiar

IMDi vil takke Hol kommune for ein storarta innsats med å busette flyktningar. Kommunane har vist ein svært positiv vilje til busetting sidan krigen i Ukraina braut ut, og dette er det viktig å vidareføre i 2026.

Kommunane spelar ei sentral rolle i Noreg si handtering av dei historisk høge flyktningstraumane dei siste åra. Tilgjengelege busettingsplassar som vert vedtekne lokalt, er avgjerande for landet si samla evne til å ta imot flyktningar. Vi oppmodar difor kommunane om å gjere vedtak i tråd med den nasjonale oppmodinga.

Oppmoding for 2026

Måлтаlet for oppmodinga om busetting er satt til 13 000 personar for 2026. Måлтаlet er fastsett av Nasjonalt utval for busetting, med utgangspunkt i prognoser for busettingsbehovet i 2026 og forventa busetting i 2025.

Effektiv utnytting av attståande kapasitet i 2025 vil bidra til å redusere presset på busetting i 2026. Kommunane oppfordras difor til framleis rask busetting av flyktningar i dei siste månadane av 2025.

Behovet for busetting kan endrast, og det er viktig at den kommunale kapasiteten til å busette flyktningar kan justerast i samsvar med behovet. Innkomstar av flyktningar vil skje spreidd gjennom 2026, og måлтаlet for busetting av 13 000 flyktningar gjeld for heile året.

IMDi oppmodar Hol kommune om å busette til saman 35 flyktningar i 2026.

Vi ber om at 0 av dei 35 plassane vert nytta til busetting av einslege mindreårige under 15 år og at 4 plassane vert nytta til busetting av einslege mindreårige over 15 år.

Auka ventetider kan føre til at einslege mindreårige som ventar på busetting i større grad enn tidlegare blir eldre medan dei ventar på ein busettingskommune. IMDi ber difor om fleksibilitet i fordelinga av plassar til einslege mindreårige over og under 15 år.

Talet på einslege mindreårige det vert oppmoda om å busette, gjeld einslege mindreårige *utan* følgjeperson. Grunnen til dette, er at dei må busettast i kommunar som har kapasitet i særskilde butiltak.

Det har gjennom 2025 vore kapasitetsutfordringar i kommunane når det gjeld busetting av einslege mindreårige *utan* følgjeperson, noko som har ført til auka ventetid for denne gruppa. Det er framleis venta høge innkomstar av einslege mindreårige utan følgjeperson, og dette er ei spesielt sårbar gruppe som har

behov for rask busetting. IMDi oppfordrar kommunane til å fatte vedtak i samsvar med oppmodinga for einslege mindreårige *utan* følgjeperson.

IMDi vil invitere nye kommunar som skal busette einslege mindreårige utan følgjeperson til eit informasjonsmøte om busetting av denne gruppa. IMDi viser og til informasjon på nettsidene: [Bosetting av enslige mindreårige flyktninger | IMDi](#)

Kommunen må i tillegg rekne med å få fordelt einslege mindreårige *med* følgjeperson, då desse inngår i den ordinære kvoten og ikkje i oppmodingstalet for einslege mindreårige.

Busettingsplassar som ikkje vert nytta i 2025 blir ikkje overført til 2026. Personar som er søkt ut til kommunen i 2025, men som først vert registrert som busett etter årsskiftet, vil telje på kommunens vedtak for 2026. Dette er ei vidareføring av gjeldande praksis.

På bakgrunn av uvisse knytt til dei auka inntekstane hausten 2025, og om dette er ei vedvarande utvikling, vil måltalet for busetting bli vurdert på nytt tidleg våren 2026.

Svar på oppmodinga

Vi ber om at kommunen svarer *både* skriftleg og digitalt på oppmodinga om busetting i 2026 ved at

- kommunen sender skriftleg kopi av vedtaket til post@imdi.no med kopi til KS ved nina.gran@ks.no og til fylkeskommunen.
- kommunen registrerer vedtakstalet i IMDi sitt fagsystem for busetting (IMDinett), etter at oppmodinga er motteken digitalt i same system. For rettleiing, sjå: [Kommunens vedtak og planlegging | IMDi](#)

Vi ber om at svaret

- tydeleg viser kor mange flyktningar kommunen vedtek å busette i 2026.
- ikkje inkluderer familiegjenforeina eller har andre reservasjonar.
- inneheldt ei vurdering av kor mange fleire flyktningar, av desse einslege mindreårige, kommunen potensielt kan busette i 2026 om behovet aukar.

Frist for å svare på oppmodinga er 10.02.2026.

Dersom fristen ikkje kan møtast, ber vi om tilbakemelding på om når saka kan handsamast i kommunen. Vi legg til grunn at busettinga i kommunen kan halde fram i påvente av politisk handsaming i kommunen, i tråd med gjeldande praksis.

Kriteria for korleis busettingsbehovet er fordelt på kommunar

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har fastsett kriteria som legg føringar for korleis det nasjonale busettingsbehovet skal delast mellom kommunane i 2026 (sjå IMDi.no). Det vert lagt vekt på innvandranderand og levekårsutfordringar i kommunane, samt sekundærflytting, lokal kapasitet, tenestetilbod og arbeidsmarknaden i regionen.

Fylkeskommunane har kome med anbefalingar om kor mange flyktningar som bør busettast i kvar kommune i lys av det nasjonale busettingsbehovet¹. Kommunesektorens organisasjon (KS) har gitt innspel og tilslutnad til fordelinga.

¹ Jf. Integreringslova § 4

Aktuelle tilskotsordninger

- Kommunar som buset flyktningar får utbetalt integreringstilskot. Tilskotet vert utbetalt etter at flyktningen er busett. Det skal medverke til at kommunane arbeider aktivt med busetting og integrering slik at flyktningane kjem i arbeid, kan forsørge seg sjølv og delta i samfunnet så raskt som mogleg.
- Kommunar som buset einslege mindreårige flyktningar mottar eit særskilt tilskot i tillegg til integreringstilskotet. Tilskotet gjeld både for einslege mindreårige flyktningar med og utan følgjeperson, og vert utbetalt etter at flyktningen er busett.
- Nokre flyktningar har særskilde behov for oppfølging og tilrettelegging på grunn av funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar. Kommunar som buset flyktningar må rekne med at einskilde personar har slike behov. Kommunar som buset personar med lågare funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar kan søke tilskot frå IMDi for å dekke ekstraordinære utgifter.
- Kommunar kan òg få tilskot for vaksne innvandrarar som har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Les meir om tilskot på IMDi sine nettsider: <https://www.imdi.no/tilskudd>

Kontakt

Ta kontakt med IMDi ved spørsmål kring oppmodinga. IMDi kan nås på telefon 40 00 19 60 og e-post: post@imdi.no. Sjå òg oppdatert informasjon på [imdi.no](https://www.imdi.no).

Med helsing

Libe Rieber-Mohn
Direktør
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Kopimottakarar:

Kommunesektorens organisasjon – KS

Fylkeskommune